# Politisk påverknadsarbeid i Vestland fylkeskommune

Budsjett 2024 og økonomiplanen 2024-2027

Bergen, 13. desember 2023,
Sabine Exner
fylkesstyremedlem og kontaktperson for VGO og fagskule

# Fakta om vidaregåande opplæring i Vestland

- 42 vidaregåande skular
- Ca. 3.500 lærarar og ca. 2.300 medlemmar
- Det er 18672 ordinære elevar i skuleåret 2023-2024
- Fordelt på 982,5 klassar
- Den største skulen har 1025 elevar og den minste har 84 elevar
- Ca. 2.500 ledige plassar
- Vidaregåande opplæring for vaksne: i 2022-2023 deltok 1141 vaksne
- Skuleåret 2023-2024 byrja 60% av elevane på vg1 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram
- Miljøkoordinator på alle skular, full stilling på 13 skular, halv stilling på 29 skular
- Fagskulen Vestland er eigd av VLFK og har tilbod til ca. 1890 studentar. Høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vgo

# Fleire elevar og fleire satsar på yrkesfag

- Årleg vekst i tal 16-18 åringar fram til 2029, deretter nedgang. I 2027 blir det 576 fleire elevar enn i dag.
- Det er lagt til grunn følgjande endring i opplæringstilbodet i økonomiplanperioden:
  - auke på 3 klassar frå hausten 2024
  - ytterlegare auke på 3 klassar frå hausten 2025
  - ytterlegare auke på 1 klasse frå hausten 2026
  - ytterlegare auke på 7 klassar frå hausten 2027.

**Opplæringstilbodet – vekst i elevtal og fleire elevar vel yrkesfag**






# Stort salderingsbehov i VLFK, men mediefokuset er mest retta mot samferdsle og ikkje oppvekst

- Ei sak innan oppvekst som er veldig hot i media og skapar mykje engasjement. Den årlege presentasjonen av opplæringstilbodet.
- Administrasjonen får inn ca. 25.000 henvendingar om tilbodsstrukturen. 4 timar møtetid i oppvekstutvalet.

Vi fylkestillitsvalde er tilbakehalden med å blande oss inn, men framhever stadig posisjonane våre, t.d.

- Breidd tilbod i alle regionar
- Færrast vg1-elevar på hybel
- Bærekraftige skular

# Den økonomiske stoda og foreslåtte sparetiltak - bakgrunn

- Dei største driftsutgiftene per avdeling
  - Infrastruktur og veg: 1.539.458.000
  - Mobilitet og kollektivtransport: 3.081.700.00
  - Opplæring: 3.831.990.000
- Fylkesdirektøren oppsummerer dei økonomiske utfordringane med tre hovudårsaker:
  - Sterk prisauke på innsatsvarer/kontraktar
  - Renteutviklinga
  - Nye kollektivkontraktar, særleg det grøne skiftet i snøggbåttransporten




- Utsetje dei fleste av investeringsprosjekta der ein ikkje er bunden av kontrakt.
- Forslag om kutt på 100 mill. kr fordelt på sektorane pluss 100 mill. innanfor kollektivområdet.

# Sparetiltak – Opplæring og kompetanse

| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
|---|---|---|---|---|
| Organisasjon og økonomi | -2 500 | -3 500 | -3 500 | **-3 500** |
| IKT og digitalisering | -2 500 | -3 500 | -3 500 | **-3 500** |
| Eigedom og utbygging | -10 000 | -23 000 | -23 000 | **-23 000** |
| Tannhelse | -5 000 | -8 000 | -8 000 | **-8 000** |
| Næring, plan og innovasjon | -2 500 | -3 500 | -3 500 | **-3 500** |
| Opplæring og kompetanse | -50 000 | -80 000 | -80 000 | **-80 000** |
| Kultur og folkehelse | -2 500 | -3 500 | -3 500 | **-3 500** |
| Mobilitet og kollektiv | -100 000 | -130 000 | -130 000 | **-130 000** |
| Infrastruktur og veg | -25 000 | -50 000 | -50 000 | **-50 000** |
| **SUM** | **-100 000** | **-200 000** | **-200 000** | **-200 000** |

# Kor skal ein ta dei 50 mill. kr i frå?

- **Fagskulen**: redusere det fylkeskommunale tilskotet til Fagskulen. Fagskulane vert finansierte gjennom øyremerka statstilskot. Fylkesdirektøren å avvikle tilskotet over dei komande tre åra slik at fagskulen frå 2027 vert drifta av det øyremerka statstilskotet. For 2024 er det lagt opp til 7,5 mill. kr i redusert tilskot til Fagskulen.
- **Dei vidaregåande skulane**: forlag om å redusere budsjettramma med 42,5 mill. kr.

| | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Vidaregåande opplæring i skule inkl. særskilt tilrettelagt opplæring | 3 021 224 | 3 140 877 | 3 101 627 | 3 097 227 | 3 093 227 |
| Opplæring i bedrift | 646 660 | 685 670 | 692 670 | 699 670 | 706 670 |
| Vidaregåande opplæring for vaksne | 71 536 | 74 866 | 74 866 | 74 866 | 74 866 |
| Fagskule | 21 464 | 15 113 | 7 613 | 13 | 13 |
| Andre føremål opplæring | 44 476 | 63 707 | 63 457 | 63 457 | 63 457 |
| Administrasjon av opplæring og kompetanse | 26 630 | 28 172 | 28 172 | 28 172 | 28 172 |
| **Sum** | **3 831 990** | **4 008 405** | **3 968 405** | **3 963 405** | **3 966 405** |

# Difor ropar vi eit varsko!

- Vidaregåandeskule har vore under sparekniven lenge
- Fagskulane må senke aktivitetsnivået sitt dramatisk
- Utstyr- og læremiddelsituasjonen er prekær
- Investeringsbehova i bygg og anlegg har blitt skjøve framover i tid
- Det skal sparast inn ytterleg i perioden framover

- **Nye behov**: Ny opplæringslov (august 2024) gjev elevane utvida rett til opplæring til dei har bestått med studie- eller yrkeskompetanse. Vaksne får eit utvida rett til å få opplæring. Fullføringsreforma vil truleg føre til auka klassetal og legge leggje press på tilbodsstrukturen.

**Kvaliteten i opplæringa kan ikkje variere i takt med rentenivået!!**

# Gløymer vi kva som VLFK har som målsetjing i temaplanen «Fornye og forbetre»? (2020)

- Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.

# Politisk påverknad

# Økonomi i kommunane og fylkeskommunen angår heile organisasjonen

- Sentralt: aktivitetar for meir midlar til kommunane og fylkeskommunane
- I kommunane og fylkeskommunen: arbeide for at meir av midlane skal gå til barnehage- og skulesektoren
- På skulane/barnehagane: Arbeidsplasstillitsvalde drøftar fordeling av budsjett/prioriteringar

## Hvordan arbeide både som part og som politisk aktør?

- Tillitsvalgte skal tas med på råd
  - Hovedavtalen i KS – del B, § 3-1: Både den ordinære budsjettprosessen og endringer i ressursfordelingsmodeller, er saker som omfattes av § 3-1 og hvor det er viktig med tidlig og regelmessig innflytelse
- Innebærer ulike roller:
  - Som **part** - rettigheter etter Hovedavtalen og arbeidsmiljøloven
  - Som **politisk aktør** - påvirkning av politiske prosesser og vedtak som er av betydning for sektoren, barnehagebarna, elevene, medlemmene

# Arbeid med politisk påverknad




- Korleis har vi jobba i haust?
  - 01.11.23 Konstituerande møte i oppvekstutvalet
  - 22.11.23 Oppvekstutval – budsjettmøte
  - 28.-29.11. Finansutvalet – alternative budsjettforslag
  - 6.12.23 Oppvekstutvalet – digitalt møte
  - 13.12.23 Fylkestinget

Posisjon/Samarbeidspartia:

- AP (12)
- SP (7)
- SV (5)
- KRF (3)
- Ve (3)
- MDG (3)

Opposisjon:

- Høgre (15)
- FRP (9)
- INP (4)
- Raudt (2)
- Bergenslisten (1)
- Pensjonistpartiet (1)

- Viktige organ
  - Hovudutval for opplæring og kompetanse (Åsmund Berthelsen, SV)
  - Finansutvalet
  - Fylkesutvalet (Jon Askeland, SP)
  - Fylkestinget
  - Administrasjonsutvalet

Formannskapsmodellen ligg til grunn

# Den aktuelle stoda




- **28.-29. november:** Alternative budsjettframlegg frå samarbeidspartia og partia i opposisjonen
  - Samarbeidspartia vil auke ramma om 20 mill. Mest innsparing (16,5 mill) vil skje som følgje av justering tilbod våren 2024
  - **13. desember**: Endeleg behandling i Fylkestinget. Det er venta ein del debattar.

- **2024:** Fylkesdirektøren får mandat til å lage ein ny heilskapleg plan for tilbodsstruktur i Vestland FK.
  - Skulestrukturen ligg i utgangspunkt fast i perioden 2024-2027
  - Planen skal bygge på vedtekne prinsipp
    - T.d. sikre eit desentralisert tilbod
    - Skal dimensjonerast etter arbeidslivet sitt behov for aktuell og framtidig kompetanse
  - Planen skal handsamast av Fylkestinget i oktober 2024

# Gode tips som vi har plukka opp på vegen

Budsjett er langsiktig arbeid

Identifiser behova før budsjettet er lagt fram

Budsjettet blir lagt fram – Game on!

Kjenn dei som avgjer – både politikarane og partiprogramma

Bruk av media

Ver ein dei kan stole på

# Gode tips frå Tage Slind Jensen, 25 år, varaordførar for Høgre - Nesodden

- Sitat Tage:
  - **Mitt førsteinntrykk**: Utdanningsforbundet er serviceinnstilte, kunnskapsrike og kan hjelpe oss til å framstå profesjonelle. Dei tar seg tid til å forklare.
  - **Kva gjer dei rett?** Vi har same mål. Dei er partipolitisk nøytrale. Dei forstår kva som er viktig for mitt parti. Dei skjønnar dei politiske prosessane.
  - **Mine tips til UDF**: Ver fageksperten og vit meir enn administrasjonen!

    Ver open, hyggeleg og tilgjengeleg! Ver på!

